

Praktmagasinet Draumen om Folgefonna kjem no til jul med eit nytt nummer og du kan også lesa det på skjermen. Det inneheld også lokalstoff frå Uskedalen - mellom anna ein reportasje om Haugland og Musland misjonsforening laga av Kristin Skromme. Det er også eit intervju om Mattilsynet ved Svein Rimestad.

Og i annonseseksjonen lokkar Kvinnherad Bygg mellom anna med Ospelunden og Nedre Halsane,

Skromme konstaterer at kvinnene i Uskedalen fører arven etter Gustava Kielland vidare. Ho var prestekone i Lyngdal og ei foregangskvinne til den modellen som kvinneforeningane driv etter i dag. 2 kom igang allereie i 1844 i Uskedalen, ein oppe og ein nede i bygda.

Misjonskvinnene var den fyrste og største kvinnerørsla. Foreningane her i bygda feira 150 år i 1994 med festmøte hjå Magnhild Omvik.. Flittinge hender legg framleis flid i handarbeid til besargevinstar. Men det er ikkje så mange foreningar som før.

På biletet sit frå venstre Else Nåsen, Inger Haugland, Torunn Kjærland, Margot Haugland og Magny Musland.

Magasinet inneheld stoff som ikkje berre er frå Kvinnherad, men også området rundt - til dømes Røldal og Jondal. Det er verdfull informasjon til supplement for lokalkunnskapane våre.

Av Ola Matti Mathisen